



# Gulen kyrkjelydsblad

Nr 3

Oktober 2019

62. årgang



Det er tid for hausttakkefest i kyrkjene våre (sjå side 8). Då er det òg utdeling av bøker til 4- og 6-åringane.

**REDAKSJON:** Anne R. Tveit, tlf. 48228353. Eivindvikvegen 1117, 5966 Eivindvik [anne.ryssdal.tveit@enivest.net](mailto:anne.ryssdal.tveit@enivest.net)

**KORREKTUR:** Marit Sandal, 5966 Eivindvik Tlf. 57784129 / 95997182

**BANKGIROKONTO:** 3817 15 51282  
Kontingenten er fri.

**TRYKKERI:** Norengros, 3701 Skien

**SOKNEPREST:**

**Gulen og Brekke sokn:** Geir Sørebo. Tlf. 95729172. [god-s@online.no](mailto:god-s@online.no)

**Mjømna sokn:** Bjørn Magne Hansen. Tlf. 47669620.

[soknepresten@solund.kyrkja.no](mailto:soknepresten@solund.kyrkja.no)

**KYRKJEVERJE:** Trude Brosvik, 5966 Eivindvik, Tlf. 57782090/91314389 [post@gulen.kyrkja.no](mailto:post@gulen.kyrkja.no) Kontor: Ikkje onsd.

**KONTORPERSONALE:**

**Margrethe Skåden,** Tlf. 57782093  
Kontortid torsdag kl.12.40-16.00 og fredag kl.08.00-12.00.

**ORGANIST:** Peter Tiborc Jobbagy, 5966 Eivindvik. Tlf. kontor 57782092.

**SOKNERÅD/FELLESÅD:**

**Gulen sokn:** Maike Norman Bøe. Tlf. 95349801. [maikenorman@hotmail.com](mailto:maikenorman@hotmail.com)

**Brekke sokn:** Cathrine Waage Tveit. Tlf. 91759076. [cawaatveit@hotmail.com](mailto:cawaatveit@hotmail.com)

**Mjømna sokn:** Bente Haugen. Tlf. 99264861. [bente.haugen59@gmail.com](mailto:bente.haugen59@gmail.com)

**Fellesråd:** Målfrid Undertun. Tlf. 41610983. [malfrid.undertun@enivest.net](mailto:malfrid.undertun@enivest.net)

**KYRKJA SI HEIMESIDE:**

[www.gulen.kyrkja.no](http://www.gulen.kyrkja.no)

**FACEBOOK:** Gå inn på *Kyrkja i Gulen* og «lik» sida vår. Her finn du fortløpande informasjon om ting som skjer i sokna, f.eks. endringar etter at siste blad gjekk i trykken. Kyrkjekontoret er redaktør for både heimesida og facebooksida.

## Redaksjonen

Det har nettopp vore val på sokneråd og bispedømmeråd, og i dette bladet får du resultatet av soknerådsvalet. Elles ser vi at det har foregått litt av kvart i sokna våre sidan sist – fint å sjå at det er aktivitet på mange plan! Kyrkjelydsbladet ønskjer lesarane ein god haust!

Neste nummer av bladet kjem i desember. **Innleveringsfrist: 10.11.**

## Kalenderen er full ....



Eg er ein meister på å planleggje og få tidskabal til å gå opp. Kalenderen er full, og det kjennest godt når eg veit kva eg skal gjere dei neste 8 vekene. Når eg vaknar, veit eg nesten alt som skal skje, og eg vert uroleg om det er nokre timar dødtid midt på dagen. Sjølv om ikkje alt eg gjer, er stressande, viktig eller har mening, har eg likevel ein plan. Eg lever der framme i tida som skal komme. Neste ferie, neste besøk, neste middag. Me i Noreg har aldri hatt så mykje tid som me har no. Dei av oss som er så

heldige at me har arbeid eller skule å gå til, brukar snaue sju-åtte timar kvar dag. Resten av tida fyller me med det me ønskjer; trening, turar, kjøring frå aktivitet til aktivitet, lag og organisasjonar.

Me er tidsøkonomar som brukar tida godt og rett. Spørsmåla er: Er eg til stades i livet mitt? Kjenner eg kvilepuls? Kjenner eg at våren er her? Eller at klemmen eg får av venene mine, blir gitt meg no?

Bibelen handlar mykje om notid, om det som skjer rundt Jesus, disiplane og menneska i tida dei levde.

Sjølv om Jesus hadde det største oppdraget i vår tid, var han til stades i livet der og då. Og ofte når han snakka om tida der framme, peika han på at det var no ein levde. At det var nok å vere til stades i livet, i notida.

Han var med vener og familie, han var i måltidet. Han var til stades, ikkje med ein ny plan, ikkje med spørsmål om kva me skulle gjere etterpå, men med kvila i at han var i tida, saman med folka rundt seg. Jesus seier til oss (Matt 6, 33-34):

*Ver difor ikkje urolege for morgondagen; morgondagen skal uroa seg for sitt. Kvar dag har nok med si møde.*

Jesus lærer oss at i hans rike er det nok å vere til stades her og no. Han er her no. Klarar me å vere til stades i tida?

*Håkon Økland Kinsarvik, spesialprest i Meland. Andakten er saksa frå kyrkjelydsbladet for Meland. Illustrasjonen er henta frå Internett.*



## «Bli med. No er det hennar tur»

Søndag 20. oktober er det duka for nok ein TV-aksjon.

Nok ein gong skal 100 000 bøsseberarar ut og banka på ein million dører, og dermed gå årets viktigaste søndagstur.

Ein slik dugnad ville ikkje vore mogleg utan alle dei tusenvis av frivillige som står på i veker og månader i forkant av aksjonen.

Dei frivillige mobiliserer og spreier viktig informasjon og kunnskap i alle sine kanalar.

Det gjer at TV-aksjonen er samlande. Aksjonen engasjerer og rører det norske folk.

Det er *ein* søndag i året me løfter i flokk, der fellesskap og solidaritet står sterkt.

I år er det CARE som er tildelt TV-aksjonen. CARE har sitt utspring etter andre verdskrig, og som blant anna sende 300 000 naudpakkar til Noreg i etterkrigstida, pakkar som inneheldt nødvendige gode til eit land som ikkje

var i den tilstanden me kjenner landet i moderne tid. No er CARE meir kjent som ein av verdas største hjelpeorganisasjonar, som arbeider både med akutt naudhjelp og langsiktige prosjekt.

Dei arbeider med å avgrensa fattigdom og naud, fyrst og fremst ved å løfta fram nokre av dei som er hardest råka av dette; *kvinnene*.

For det er dessverre slik at framleis har 155 land lover som set grenser for fridomen og moglegheitene kvinnene har, som mellom anna forbyr kvinner å arbeida utan samtykke frå mannen. Framleis blir 15 millionar jenter under 18 år gifta vekk - kvart år.

Framleis dør altfor mange kvinner av komplikasjonar i samband med graviditet og fødsel, nærmare bestemt 830 kvinner kvar einaste dag.

Dei fleste av tilfella kunne vore unngått dersom ein hadde hatt betre tilgang til helsetenester.



Midlane som blir samla inn under TV-aksjonen i år, skal gå til nettopp dette. Det skal gje kvinner høve til å tena sine egne pengar.

Kvinner skal ha rett til å bestemma over sin eigen kropp – til å seia ja og til å seia nei.

Og dei skal få røysta si høyrd og få ta del i avgjersler som vedkjem dei sjølve.

Får kvinner arbeida, bestemma over eigen kropp og bruka si eiga røyst, vil det bli mindre svolt, mindre fattigdom, mindre vald - og meir rettferd. Det vil bety store skilnader både for dei sjølve, familiane, lokalsamfunna og for verda.

TV-aksjonen CARE treng nettopp *deg* til å bli med på det store felles nasjonale løftet me gjer 20. oktober, og til å bli med på å skapa betre framtid og større rettferd for kvinner i nokre av verdas mest sårbare land.

**- No er det hennar tur!**

*Marthe Jansen, Fylkesleiar for TV-aksjonen Hordaland*

*Oddrun Midtbø, Fylkesleiar for TV-aksjonen Sogn og Fjordane*



## Felles sokneråd for sokna i Gulen

Sokneråda har bestemt, og Kyrkjerådet har godkjent, at vi frå i haust skal ha ei prøveordning med eitt felles sokneråd i Gulen: **Gulen kyrkjelege råd**. Rådet blir sett saman av dei to frå kvart sokn som får flest stemmer, og ein prest, utpeika av proststen. I saker som fellesrådet har ansvaret for, vil kommunen også ha ein representant i rådet.

## Resultatet av sokneråds- valet 2019:

### **GULEN SOKN:**

#### **Faste medlemmer i Gulen**

#### **kyrkjelege råd:**

Åse Haugen

Halldis Steine

#### **Vara:**

Asbjørn Karl Neverdal

Elin Systad Lihaug

Anita Vevang Nilsen

#### **Medlemmer i lokalt sokneråd:**

Eirik Halsnes

Kjersti Anne Utvær Nordgulen

Judith Avril Adams

### **BREKKE SOKN:**

#### **Faste medlemmer i Gulen**

#### **kyrkjelege råd:**

Einar Takle

Kåre Sigurd Krakhella

#### **Vara:**

Jan Even Østerbø

Herfinn Takle

Olaug Tveit Evensen

#### **Medlemmer i lokalt sokneråd:**

Synnøve Bjordal Giil

Marit Sætre

Berit Tveit Solheim

Grete Brekken Oppedal

### **MJØMNA SOKN:**

#### **Faste medlemmer i Gulen**

#### **kyrkjelege råd:**

Anne Kristine Evjenth Ytreøy

Mina Catrin Dahl Andreassen

#### **Vara:**

Bente Iren Haugen

Sølvi-Ann Oddekalv

Arve Harald Mjømen

### **Medlemmer i lokalt sokneråd:**

Erene Oddrun Wilberg

Ann-Helen Birknes

Heidi Rosseland

Gunnlaug Oddny Birknes

## Permisjon for kyrkje- verja

Det har også vore fylkestingsval, noko som gjer at kyrkjeverja vår, Trude Brosvik, vert medlem i fylkestinget og fylkesutvalet for nye Vestland fylke. Ho søker derfor permisjon frå stillinga i fire år. Stillinga er på 80 %, og vikariatet vil bli lyst ut i næraste framtid. Sjå nettsida vår. Vi håpar det er nokon som kan tenkje seg denne allsidige og spanande jobben, eller veit om nokon som dei kan tipse.

## Konfirmant-teamet

Sidan vi for tida ikkje har fast prest, har vi sikra at eit fast team har konfirmantundervisninga dette skuleåret. Det er **Ola Johannes Jordal** som er konfirmantprest. Han bur i Alversund og arbeider for tida i det private næringslivet. Så er **Helle Kartveit** med. Ho tar det meste av organiseringa. Det er fleire som kjenner Helle frå Alværa og frå Barnas Misjonsdag. Og så er vår eiga **Maren Daae Eide** med, slik ho har vore dei seinare åra. Så konfirmantopplæringa er godt ivareteken, og blir både kjekk og givande med desse fine folka!

*Trude*

## Konfirmantar 2020

### GULEN SOKN:

#### Eivindvik skulekrins:

Even Molde Randal  
Maia Wesenlund Hjønnevåg  
Linn Aurora Molde Oppedal  
Erlend Dingen Kroghrud  
Jenny-Emilie Palmer Håvåg  
Odin Villanger Henriksbø  
Grim Haveland

#### Dalsøyra skulekrins:

Håkon Høydal Bøe  
Olai Dyregrov  
Lisbet Vevang Opdal  
Noah Kjelby Asheim  
Natalie Daae Angeltveit  
Tuva Linnea Midtbø  
Daniel Rongved Molland  
Håvar Asheim Eide

### BREKKE SOKN:

Aleksander Ynnesdal  
Øystein Takle  
Lasse Mikael Ellingsen Dyrøy  
Mathea Yndesdal  
Ida Vågseth Borlaug  
Elina Østerbø

### MJØMNA SOKN:

Hans Høie

## BASE CAMP 2019

Ungdomsklubben **Hyllestad Solution** inviterer til det 5. Base Camp-arrangementet i rekka.

**Set av helga: Fredag 4. oktober til søndag 6. oktober.**

Målgruppa er ungdom frå 9. klasse og oppover. Bli med du også!

For påmelding og informasjon, sjå vår Facebookside: BaseCamp

*Arr. Hyllestad Sokneråd v. ungdomsklubben Solution Hyllestad og Solution Askøy*



## Ungdomsklubben Solution Hyllestad

vart starta i 2015 og driv arbeidet sitt primært ved å samlast til ungdomskveldar annankvar fredag i skuleåret. Samlingsstaden er normalt Hyllestad kyrkje.

Den primære målgruppa er 13-18 år, men også eldre ungdom er hjarteleg velkomne på samlingane våre.

Ungdomsklubben er underlagt Hyllestad sokneråd, og soknerådsleiaren har eit særleg ansvar for oppfølging av klubbaktiviteten.

I 2015 arrangerte ungdomsklubben Solution Hyllestad ein week-endleir som blei kalla BaseCamp, der ein ynskte å samle ungdom på Vestlandet til samvær, med fokus på Jesus og med ulike aktivitetar, møte, undervisning, og mykje song og musikk. Dette var ein svært vellukka leir, og evalueringa i etterkant var klar på at

ungdommen ynskte dette som eit årleg arrangement i Hyllestad. Base Camp vert lagt til første helga i haustferien. Samlingar i Hyllestad kyrkje er sentrale, samt friluftstaktivitetar i Kvernsteinsparken. I år er det særleg kjekt å kunne ønske velkommen til å bruke den nye Hyllestadhallen, med dei aktivitetane den kan tilby.

Vi samarbeider som før med Askøy Misjonskyrkjelyd si ungdomsgruppe Solution Askøy, med jamt stigande deltaking. Ungdommen kjem frå store delar av Vestlandet frå Stavanger til Sunnfjord, og har i år von om å fortsetje den gode auken av deltakarar. Så invitasjonen i år går også til Balestrand, Gulen og Solund kyrkjekontor. Påmeldinga skjer via Facebook, ein søker opp BaseCamp 2019 og finn påmeldingsskjema der.

Arrangementet i korte trekk:

**Fredag:** Kveldssamling i Hyllestad kyrkje.

**Laurdag:** Morgonsamling + samtalegrupper + aktivitetsdag i Kvernsteinsparken og Hyllestadhallen, + kveldsgudsteneste i Hyllestad kyrkje, + «laurdagsparty.»

**Søndag:** Ungdomsgudsteneste i Hyllestad kyrkje + avslutning.

**Pris pr. person:** Kr 500,- for heile helga, inklusive overnatting i to netter og alle måltid.

**Formell arrangør:** Hyllestad sokneråd.

**Påmeldingsfrist:** 1. oktober.


Påmeldinga er bindande.

**Årets tema og «raud tråd» er Fred.**


**Overnatting og matservering** skjer i Hyllestad skule.

Ei rekkje frivillige medarbeidarar er med lokalt for å gjere dette til ei god og trygg oppleving for alle som kjem, så ingen skal vere bekymra for å la ungdommen ta turen til Hyllestad denne helga!

*Jostein Ryland, soknerådsnestleiar*



## Bli med på leir i haustferien på Alværa!



**Måndag 7. – onsdag 9. oktober er det haustleir for 2.-7. klassingar på Alværa.**

På leir treffer du nye og gamle venner. På denne leiren har vi med oss to damer frå Madagaskar som vil fortelje om landet sitt.

På Alværa er det fint å vere ute; fiske etter krabbe ved brygga, spele kanonball, kubb og andre spel, grille pølser, skyte med pil og boge, og leike. På samlingane høyrer vi om at vi kan

dele det vi har, om Madagaskar og bibelhistorier.

- Har du ein sketsj eller noko anna moro å dele?

Helle Kartveit er hovudleiar for leiren.

Med seg har ho nokre kjekke ungdommar og vaksne leiarar.

**Pris:** 800,- pr. deltakar.

750,- for sysken nr. 2 og 3.

700,- for medlemmer i leirklubben.

Medlemskapet i leirklubben kostar 100 kr. i året, og faktura for leirklubbmedlemskapet vil bli send ut på ein eigen faktura.

**Påmelding:** Ta kontakt med arrangementskonsulent Vegar Isachsen: [vegari@nmsu.no](mailto:vegari@nmsu.no) / 51516132

## Hauttakkefest



Vi feirar at vi har hausta inn poteter og grønsaker, frukt og blomar, alt det gode naturen gir oss om hausten.

I kyrkjene våre markerer vi hausttakkefesten med ei gudsteneste der vi i tillegg til å takke for årets grøde, også deler ut bøker til 4-åringane og 6-åringane.

6-årsboka prydar framsida på kyrkjelydsbladet, og 4-årsboka ser slik ut:



**Velkommen til hausttakkefest!**

**Brekke kyrkje: 06.10. kl. 11.00.**

**Mjømna kyrkje: 13.10. kl. 11.00.**

**Gulen kyrkje: 20.10. kl. 11.00.**



## Stemmene fra Stend

### Kortur til Dingja

Helgen 24.-26. mai dro koret «Stemmene fra Stend» på tur til Dingja.

Koret ble stiftet i 1990 og er en vennegjeng fra området rundt Stend i Fana, ca.16 km sør for Bergen.

Bakgrunnen for turen var at et av kor-

medlemmene, Marit Oestreich, er født i Dingja og bodde sine første femten år der. Deler av familien bor der fortsatt, og Marit og andre i familien har bygget hytter i området og besøker stedet hyppig. Denne helgen inviterte hun og mannen, Arild, resten av koret med «følge» opp til denne vakre bygden i Gulen, ca. 5 km nord for Eivindvik. Navnet Dingja har bygden trolig fått av den korte elven Ding («Dingja-elven») som renner fra Dengevatnet og ned til Dengevågen.

Vi ankom seint fredag ettermiddag, og ble staselig innkvartert hos «familie og kjente» i Dingja. Kvelden ble tilbrakt i «fellesnøstet» ved den nedlagte tønne- og trevarefabrikken. Historien bak fabrikken har hatt svært mye å si for bygden Dingja. I 1912, da fabrikken ble etablert, ble det også bygget en kraftstasjon ved elven. Dette ga alle som bodde i Dingja, elektrisk strøm lenge før noen annen i Gulen hadde slik herlighet. Da fabrikken ble nedlagt i 1963, ga det plass for landhandel og postkontor. I dag er bruksområdet utvidet til bl.a. forsamlingssted, kafé, overnatting og serviceanlegg for reisende både til lands og til sjøs, noe vi fikk dra nytte av denne helgen. Etter en god frokost lørdag dro vi med lokal båttransport ut til det vakre Skjerjehamn. Stedet var tidligere et knutepunkt for skipstrafikken

på Vestlandet. I 1929 hadde 17 båtruter stopp der, i tillegg til lokale båtruter. Det var både landhandel, post, slipp, mekanisk verksted, trelastlager, telegraf og gjestgiveri der. Rundt 1840 gjorde dampskipene sitt inntog i kysttrafikken, og Skjerjehamn ble i 1843 etablert som dampshipsstopp. Med sin spesielle plassering ved utløpet av Sognefjorden ble Skjerjehamn etter hvert et naturlig sted for stopp, båtskifte og omlasting av varer.

Den lørdagen vi besøkte stedet, var vi velsignet med godt vær, og tilfældighetene gjorde at «laksens dag» ble markert på gjestgiveriet, med masse smaksprøver og annen aktivitet. Etter en tur i området endte vi opp med en kremet fiskesuppe, som absolutt kan anbefales. Med lunsjen vel fordøyet bar det videre med hurtigbåten til Sollibotn og derfra videre i privatbiler til Flolid, ca. 4 km øst for Eivindvik. Der ligger Tusenårsstedet, som er en vakker park, lagt på det stedet Gulatinget etter kildene ble flyttet til. Her fikk vi oppleve Bård Breiviks monumentale kunstinstallasjoner, med bl.a. den majestetiske Tingveggen.

Opplevelsen vår i området ble spesielt fin og god takket være vår fantastiske guide Ingrid Hellwege Haveland, som satte oss inn i historien på en levende og lærerik måte. Tydeligvis kjent og kjær for alle her oppe, men en ny og

flott opplevelse for de fleste av oss. Inntil nå denne helgen hadde vi bare «fått og opplevd». Nå var det etter hvert vår tur til å bidra litt. Vi hadde fått låne Gulen kirke til en liten konsert, og folk i nærområdet var invitert. Eivindvik var fra først av en storgård som strakte seg fra Dingja til Flolid. Det er mulig at den første kristne presten i Gulen var bosatt her. Det er ikke gjort mange funn på gården, men det er blant annet funnet tre håndteinhjul i en gravhaug på prestegården. Håndteinhjul er svinghjulet på en håndtein, et enkelt håndredskap for spinning av tråd. Håndteinen med spinnehjul har vært brukt i vårt land siden steinalderen, og redskapet har vært brukt frem til 1800-tallet.

Prestegården i Gulen har vært kalt Eivindvik fra etter reformasjonen (en religiøs omveltning fra katolisisme til protestantisme i 1536).



Siden vi skulle syng i Gulen kirke, var vi interessert i kirkens historie, og

da vi begynte å leite litt, fant vi mange spennende ting, spesielt for oss som kommer fra Fana.

Den eldste kirken i Eivindvik kan ha vært en stavkirke, men det er uvisst når den ble bygget. Den er nevnt i skriftlige kilder fra 1327, og den ble revet på 1500-tallet. Noen tror den første kirken her inne ble satt opp lenge før dette. Synske Anna Elisabeth Westerlund besøkte stedet i 1983. Hun mener den første kirken kom allerede på 11-hundretallet og kan ha blitt satt opp av selveste Olav den Hellige. Så langt tilbake i tid er det vanskelig å fastsette noe med sikkerhet. De fleste skrifter er imidlertid enige om dette: Den første kirken ble bygget av Håkon Håkonson. Han bygget kirke der de hadde reist på Gulating. Kirken ble flyttet fra Flolidstranden til Eivindvik etter reformasjonen. Dette var en liten kirke som etterhvert ble for liten når hele bygden skulle samles. Da ble gudstjenester holdt ute ved stenkorsene. Mot slutten av 1500-tallet ble det bygget en laftet tømmerkirke som i 1686 ble omtalt som «brøstfeldig» (forfallen, skrøpelig, som holder på å falle sammen), og trengte vedlikehold. Og så kommer vi til den delen av historien som var mest interessant for oss «fanastriler». I 1734–69 var Thomas Sommer sogneprest i Gulen. I hans tid ble det

bygget noen nye hus på prestegården. I 1754 kjøpte han kirken av Matias Stabel, som hadde arvet kirken etter sin far Nicolai Stabel, som igjen hadde fått kjøpt kirken i 1723 for 129 riksdaler croner. Fra 1720-tallet og fremover ble mange kirker solgt til private, mest sannsynlig for å skaffe penger til krigføring. Thomas' enke, Ingeborg Stoltenberg, kom seinere i gjeld og måtte selge en rekke eiendommer. Kirken ble solgt i 1809 til sogneprest i Fana, Iver Munthe Daae. Arnold Meyer var sogneprest fra 1857 til 1877. Han klaget på kirken, først og fremst fordi den var for liten. En tredel av menigheten skulle ha plass der (lov fra 1851). I noen år drøftet han kirkeutvidelse med eieren, prostinne Edvardine Daae i Fana, men hun nektet å gjøre dette. I 1859 skrev Meyer til henne og medeiere og spurte om de kunne få kjøpe kirken tilbake. I 1860 fikk de det. Skjøtet ble underskrevet i 1862. Det hadde allerede i noen år blitt diskutert om en skulle utvide kirken eller bygge en ny, og i 1863 ble det vedtatt at det skulle bygges en ny kirke. Den gamle ble revet og solgt på auksjon (480 salgsnummer gav 298 speciedaler og 19 shilling), og den nye kirken ble innviet 13. desember

1863 av prost Tommas Eriksen. Byggmester var Ole Syslak fra Lindås.

Tømmeret kom også fra Lindås. I 1938 (til 75-års-jubilæet) ble den ombygget av Johan Lindstrøm. Altså (og det gjorde vi et lite poeng av under konserten vår) var kirken i «Fanaeie» i ca. 51 år.

Det er vi «fanastriler» på en måte litt stolte av.

Vi beklager imidlertid at vi er skyld i forsinkelsen av byggingen av den nye kirken, men håper vi gjorde litt opp for oss ved å komme og synge litt. Uansett var det godt for oss å synge i kirken. Godt å komme inn etter en lang dag ute, god akustikk og god mottakelse.

Etter konserten var det hyggelig kirkekaffe og veldig kjekt å få møte publikum på denne måten. Noen kunne også bekrefte at gamlekirken hadde stått på samme grunnen, noe kjelleren under kirken var et bevis på. Helt til slutt vil vi få takke alle vi møtte på vår vei, som var med å gjøre det til en slik flott helg for oss. Vi kan helt sikkert også ta med i takken flere folk som jobbet i kulissene, men som vi aldri møtte. Vi storkoste oss og hadde sterke og gode opplevelser hele helgen. Vi kommer fra den flotte Fanabygden med fjord og fjell, men vi kan likevel ikke la være å bli imponert

over naturen og de stedene dere har her oppe. «Perler på en snor» er vel et passende uttrykk her. Tusen takk alle sammen, og takk for at vi fikk ta del i dette.

*Mange hilsener fra «Stemmene fra Stend», v/Tormod Tveiterås*

## Konsert i Brekke kyrkje 22.06.19.

Laurdag 22. juni var det sommar-konsert i Brekke kyrkje ved Brekke mannskor (dirigent Boris Kuprijanov) og Bergen kammerkor (dirigent Ann-laug Hus). Kommentaren «Heilt fantastisk», som ein av tilhøyrarane kom med etter konserten, seier vel alt! Her er nokre glimt frå konserten.



## Kyrkjelydstur: 300-års jubileum for kyrkjestad på Husøy

Søndag 23.juni var det kyrkjelydstur til Husøy i Solund. Det gjekk båt frå Eivindvik og Mjømna, og ganske mange var med frå dei to sokna. Frå ein litt grå morgon, skein det opp og vart ein flott dag i øyriket.

I Kolgrov tok vi på dei som kom med båt frå Hardbakke, og så gjekk turen til Husøy.



På Husøy står det ikkje kyrkje lenger, ho vart flytta til Straumen, men der er framleis ein gravplass som er i bruk. På denne gravplassen hadde vi fri-luftsgudsteneste. Sokneprest Bjørn Magne Hansen, tidlegare prost Geir

Sørebø og prost Helge Taranrød deltok.



langs stien var det masse frodige sommarblomar i sterke fargar. Sikkert godt gjødsla frå sjøfugl og gjess.



Etter gudstenesta for vi til bedehuset på Indrevær, der det venta nydeleg lapskaus og kaker og kaffi. Bedehuset heiter «David Lunds minne», til minne om David Olai Indrevær (seinare Lund), (1863-1925) som vart ein av våre største misjonærar og som saman med kona; svenskfødde Hulda Frikman, reiste til Filippinane. Du kan lese meir om han ved å søke på Fylkesarkivet.



Det var ein liten spasertur frå der båten la til og bort til gravplassen, og

Bjørn Magne Hansen hadde eit interessant innlegg om kyrkjene i Solund, og om Husøy sokn spesielt. Og Geir Sørebø tok føre seg Niels Griis Alstrup Dahl, både gjennom diktet «Eivindvig» som Henrik Wergeland skreiv om Dahl, der han m.a. kallar Dahl for «Eivindvigens

anden skaper», og han hadde gått gjennom kyrkjedagboka for Husøy for eit tilfeldig valt år. Dahl var prest også i Solund, og på Husøy var det 4 gudstenester i året. Typisk for ei gudstene- neste, iflg. dagboka, var at ho starta med «renselse» av kvinner som hadde født, så stod der om det var godt opp- møte, kor mange som var til nattverd og kor mange jordfestingar det var. Presten var i soknebod i samband med gudstenesta. Det var slik at dei døde vart gravlagde etter kvart, og når det kom prest, så hadde ein det formelle jordfestingsritualet.



For mange av oss er det sjeldan at vi kjem til øyane lengst vest i Solund, og fleire hadde aldri vore der før. Så dette var ei flott oppleving for alle, og ein kjekk kyrkjelydstur.



Til slutt vil vi takke alle dei som var med og stelte i stand og organisterte denne minnerike dagen!

*Trude*

## Nytt kjøkken på Byrknes Bedehus

Det har i lengre tid vore ønske om å fornye kjøkkenet i Byrknes bedehus. Det er no gjennomført.



I januar i år kunne det nye kjøkkenet takast i bruk i samband med medarbeidarfesten «Vårtrall» som sokne- rådet arrangerte.

Hausten 2017 blei det av frivillige kvinner i bygda laga til ekstra basar til inntekt for nytt kjøkken.

Bygdefolket stilte opp, både damer og menn fylte huset (til vanleg er det mest damer på basar i Bedehuset), så det blei trengt om plassen.

Hausten 2018 starta arbeidet med å fornye kjøkkenet.

Vegger, tak og golv blei bytta ut, og ny kjøkkeninnreiing med bakaromn, platetopp og kjøleskap blei montert. Innleigd snikkar tok seg av tre- arbeidet, mens montering av kjøkkenet blei gjort på dugnad.



Kostnaden med oppussinga av kjøkkenet kom på kr. 172 315.-. Av dette utgjorde kjøkkeninnreiinga kr. 68 707.-, nytt tak, vegger og golv kr. 50 156.-, og elektrikar, listing m.m. kr. 53 452.-.

Til denne oppussinga er det komme inn øymerka gåver på til saman kr. 102 656.-. Av denne summen utgjorde den ekstra basaren kr. 37 500.-, sponing frå PR frå Vestbris DA kr. 50.156.-, og frå Ytre Gulen Sanitetslag kr. 15 000.-.

I tillegg kom det i 2017 inn ordinære gåver på kr. 10 500.- og i 2018 kr. 5 500.-. Inntektene frå basar og gåver har vore avgjerande for drifta av bedehuset. Andre inntekter er husleige frå kyrkja og 10 % av kollekten på møta. Styret for Byrknes Bedehus vil rette ein stor takk til alle som har støtta opp om Byrknes Bedehus med arbeid og gåver.

**I denne omgang ein stor takk til dei som har vore med å finansiere det nye kjøkkenet, og til dei som har deltatt på dugnadsarbeid.**

Vil du vere med å støtte Byrknes Bedehus vidare, er kontonummeret

3705 04 78255.

*Styret for Byrknes Bedehus v/Ingolf Wergeland*



*Foto: Svanhild Asheim Smedmann*

## Ved gravferd

Ved eit dødsfall er ein ofte kjenslemessig i ubalanse, og det er mykje praktisk som skal ordnast på kort tid. Då kan det vere greitt å vite, før det blir aktuelt, kva kyrkja tilbyr når det gjeld gravferd. Derfor ville fellesrådet at kyrkjevevja skulle skrive litt om det i Kyrkjelydsbladet.

Vi set pris på at kyrkja blir kontakta raskt etter eit dødsfall for å få avtalt møte med den presten som skal ha gravferda, og å få fastsett gravferdsdato.

Mange nyttar gravferdsbyrå til heile eller delar av planlegginga og gjennomføringa av ei gravferd.

Kyrkjevevja har sendt gravferdsbyråa i vårt område eit brev om kva som er gratis i kyrkja i samband med gravferd, og som dei derfor ikkje treng å ta betalt for. Det er framleis ein god del pårørande i kommunen vår som gjer

mykje med gravferda sjølve. Det går fint.

I så fall, har kyrkjekontoret eit skjema som skal fyllast ut, slik at vi får opplysningar om kva grav som skal nyttast, om det skal reserverast ei ny grav attmed, personnummer for avdøde, kontaktoplysningar, og kven som skal stå ansvarleg for grava.

Viss avdøde er innbyggjar i Gulen (vi opnar for skjøn dersom avdøde har vore busett her inntil nyleg, men bur utanfor kommunen t.d. av helseårsaker eller for å vere hos familien), betaler ein ingenting for å bruke kyrkja, eller for løn til prest, organist og kyrkjetenar.

Heller ikkje betaler ein for graving av grav.

*Eg presiserer dette fordi enkelte gravferdsbyrå er byrja med ein praksis der dei tilbyr pårørande å velje mellom gravferd «med og utan seremoni», der det er stor skilnad i pris. Den prisskilnaden er det altså ikkje kyrkja som er årsak til.*

Kyrkja held lys i alle lysestakar. Viss ein vil ha fleire lysestakar enn det kyrkja har, vil gravferdsbyrået fakturere det.

Kyrkja har ein benk til å sette kista på, og eit teppe (katafalk) til å ha på benken under kista. I Brekke har dei to teppe; eitt svart og eitt blått. Eivindvik har svart teppe, og Mjømna har lilla. Vi har opplevd at gravferdsbyrået har hatt med seg eigen benk og eige teppe. Det er altså ikkje nødvendig.

Vi er også blitt gjort merksame på at det blir tilbydd eit gjennomskiktig «plast»-fundament som kista blir sett på, med levande lys ståande under kista. Dette har fellesrådet skrive til gravferdsbyråa om at dei ikkje får nytte i våre kyrkjer, både fordi det gjev assosiasjonar til andre religionar og brenning av lik, men også fordi vi ser på det som ein potensiell brannfare.

Ved Brekke og Gulen (Eivindvik) kyrkjegardar er det bårevogn som kan nyttast til å føre båra på frå kyrkja til grava.




Foto: Svanhild Asheim Smedmann

Det ein skal vere merksam på ved pynting av kyrkja, er at ingen pynt skal skjule altaret og altartavla.

Det skal ikkje settast lys eller oppsatsar inne i alterringen.

På altaret skal det vere levande blomar.

Vi er takksame viss blomane kan bli ståande att i kyrkja, slik at dei kan nyttast på neste gudsteneste.

Dei aller fleste vel å trykke opp songhefte.

Dersom ein ikkje ønskjer det, så går det fint an å bruke salmebøkene som står bak i kyrkja, eller berre kopiere opp songark.

Gulen kyrkjelege fellestråd har laga eit lite hefte som heiter *Alt det praktiske*, som tar for seg korleis ei gravferd vert gjennomført og kva ein bør hugse på. Der står det også framlegg til eit utval av aktuelle salmar.

Dersom pårørande har spesielle ønskje, må det avklarast med prest/organist.

Det er lov å nytte musikk frå CD dersom det er særlege ønskje om det. Til pre- og postludium er det fint om ein har eigne ønskje.

Om ikkje, vil organisten velje ut noko som høver til ei gravferd.

Heftet «Alt det praktiske» blir levert ut, saman med anna informasjon, for dei som døyr på omsorgsbustad eller sjukeheim.

Andre kan få det på kyrkjekontoret, eller finne det på heimesida vår, [www.gulen.kyrkja.no](http://www.gulen.kyrkja.no)

Alle foto i heftet er tekne av Svanhild Asheim Smedmann.

*Kyrkjevevja*

## **Det gamle orgelet i Gulen kyrkje er laga på Kongsberg**

Stein Johannes Kolnes (f. 1952) er organist i Tysvær, Rogaland, og arbeider i tillegg som orgelsakkunnig med utarbeiding av tilstandsrapportar, kulturhistoriske vurderingar, reparasjons- og restaureringsplanar.

Kolnes var i Eivindvik 03.04.89 for å prøve å finne ut mest mogeleg om orgelet. Det var Riksantikvaren som

hadde gitt han oppdraget.

Men i og med at han ikkje fann noko firmanamn eller andre kjennemerke på orgelet, var det vanskeleg å kome med nokon konklusjon på kven orgelbyggaren var.



Seinare har han skrive ei bok om gamle norske orgel, og han forskar framleis på dette emnet. Og i år, for ikkje lenge sidan, kom han over ein annonse i Aftenposten frå 30. april 1893, som løyste gåta! Der stod det:

*Kirkeorgler fra Gustav Næss's  
anerkjente Orgelfabrikk leveres fra  
1.500 Kr til 15.000 Kr.*

*Fabrikken har leveret Orgler til  
Kristiania, Drammen, Fredrikshald,  
Gol, Lunner, Odalen og Thime, og  
har under Bygning til Eivindvik,  
Kvædfjord og Strandebarm.  
Oglene leveres frit opsat og under  
full Garanti.*

Gamlegeorget er altså bygd i 1893 av orgelbyggar Gustav Næss på Kongsberg.

Det nye orgelet i Gulen kyrkje er frå 1995 og er bygd av Brødrene Torkildsen i Levanger.

Det var Stein Johannes Kolnes som var konsulent for det nye orgelet. Ei stund var det snakk om å reparere det gamle orgelet i staden for å byggje nytt, men dette frårådde Kolnes sterkt, med Riksantikvaren i ryggen.



Orgelet er kalla instrumentenes dronning.

Og i Gulen kyrkje er vi så heldige å ha to dronningar, ei pensjonert gamledronning og ei høgst oppe-

gåande dronning som følgjer oss trufast i gudstenester, bryllaup, gravferder og konsertar.

Begge er vakre smykke i kyrkjerommet.

*Anne og Kristofer*

## **Haustens eldretreff, Byrknes**

Vi ønskjer velkommen til eldretreff på «Tunet», Byrknes, 29. oktober og 26. november kl. 15.30.

Andakt ved Bjørn Magne Hansen. Sølvi-Ann og Anne vil servere kaffi og kaker. Som vanleg vil vi òg ha eit åresal.



## **Hjarteleg takk**

Hjarteleg takk til alle som var med og følgde Ingvard Breidvik til grava.

Takk for omtanke, blomsterhelsingar og minnegåve til Gulen sjukeheim.

Ei takk òg til alle som besøkte han dei åra han var sjuk.

Takk til sjukeheimen for omsorg og pleie i 9 år.

*Astrid*

## Nytt frå kyrkjelydane

### Døypte:

#### GULEN SOKN:

**18.08.19:** Sofia Nordvang Flolid.  
[REDACTED]  
[REDACTED]

#### BREKKE SOKN:

**25.08.19:** Harald Takle Øvstetun.  
[REDACTED]  
[REDACTED]

#### MJØMNA SOKN:

**23.06.19:** Njord Arion Mjømen.  
[REDACTED]  
[REDACTED]

**11.08.19:** Matilde Vikebø Sandnes.  
[REDACTED]  
[REDACTED]

### Retting frå førre nr.:

**22.04.19:** Pål Hilmarsen Strømme.  
[REDACTED]  
[REDACTED]  
[REDACTED]

**22.04.19:** Vegard Stokvik Rong.  
[REDACTED]  
[REDACTED]

### Vigde:

#### MJØMNA SOKN:

**20.07.19:** Cecilie Mjånes og Jan Erik Baarøy.

**07.08.19:** Sunniva Molde og Håvard Sjursæther. Busette på Bønes.

**31.08.19:** Janne Kversøy og Haakon Gangdal Hermansen. Busette i Fyllingsdalen.

### Døde:

#### GULEN SOKN:

**18.08.19:** Kristine Virkesdal, f. 1936.

#### BREKKE SOKN:

**07.08.19:** Ingvard Arvid Breidvik, f. 1943.

**09.08.19:** Bjørg Haugland, f. 1924

#### MJØMNA SOKN:

**05.08.19:** Kjellrun Edvarda Tunsberg, f. 1937.

**08.09.19:** Selma Ånneland, f. 1924.

## Kyrkjekalenderen



**NB!!** Det kan bli endringar i den oppsette gudstenestelista. Følg med i lokalavisene, på oppslag, på nettsidene til kyrkja og kommunen, og på Facebook.

**29.09.,** Mikkelmesse

**Gulen kyrkje kl. 11.00** v/Geir Sørebo. Offer: Norsk kyrkje i utlandet.

**06.10.,** 17. søndag i treeiningstida

**Brekke kyrkje kl.11.00** v/Geir Sørebo. Lys vaken. Hausttakkefest. Utdeling av bok til 4- og 6-åringane. Offer: Søndagsskulen/Sprell levande.

**13.10.,** 18. søndag i treeiningstida

**Mjømna kyrkje kl. 11.00** v/Bjørn Magne Hansen. Hausttakkefest. Utdeling av bok til 4- og 6-åringane. Offer: Alværa misjonscenter.

**20.10.,** 19. søndag i treeiningstida  
**Gulen kyrkje kl. 11.00** v/Geir Sørøbø  
Lys vaken. Hausttakkefest. Utdeling  
av bok til 4- og 6-åringane. Offer: TV-  
aksjonen CARE.

**27.10.,** Bots- og bønnedag  
**Brekke kyrkje kl. 11.00** v/Geir  
Sørøbø. Offer: Kyrkjelydsarbeidet.

**Laurdag 02.11.:**

**Brekke kyrkje:** Konsert ved Brekke  
skulemusikkorps. Sjå oppslag.

**03.11.,** Allehelgensdag  
**Gulen kyrkje kl. 11.00** v/Geir Sørøbø  
Offer: Kirkens bymisjon.

**03.11.,** Allehelgensdag  
**Mjømna kyrkje kl. 16.30** v/Bjørn  
Magne Hansen. Offer: Kirkens  
bymisjon.

**10.11.,** 22. søndag i treeiningstida  
**Brekke kyrkje kl 11.00** v/Geir  
Sørøbø. Helgemesse. Offer: Kirkens  
bymisjon.

**17.11.,** 23. søndag i treeiningstida  
**Gulen kyrkje kl. 11.00** v/Geir Sørøbø  
Offer: Misjonæravtalen.

**24.11.,** Domssøndag/Kristi Kongedag  
**Mjømna kyrkje kl. 11.00** v/Bjørn  
Magne Hansen. Offer: Sygna vgs.

**01.12.,** 1. søndag i adventstida  
**Gulen kyrkje kl. 11.00.** Lysmesse.  
Offer: NKSS.

**Laurdag 07.12.:**

**Gulen kyrkje:** Julekonsert. Sjå opp-  
slag.

**08.12.,** 2. søndag i adventstida  
**Risnehall kl. 13.00.** Juleverkstad med  
**gudsteneste kl. 15.30.**

**08.12.:** **Mogleg lysmesse, Byrknes  
kapell** (ikkje avklara).

**15.12.,** 3. søndag i adventstida  
**Mjømna kyrkje:** Julekonsert.  
Offer: Kyrkjelydsarbeidet.  
Sjå oppslag.

**Laurdag 21.12.:**  
**Brekke kyrkje:** Julekonsert.  
Sjå oppslag.

**22.12.,** 4. søndag i adventstida  
**Gulen sjukeheim:** Advents-  
gudsteneste.

**24.12.,** Julaftan  
**Mjømna kyrkje kl. 11.00.**  
Offer: Kirkens Nødhjelp.

**24.12.,** Julaftan  
**Brekke kyrkje kl. 14.00**  
Offer: Kirkens Nødhjelp.

**24.12.,** Julaftan  
**Gulen kyrkje kl. 16.00.**  
Offer: Kyrkjelydsarbeidet

**25.12.,** Juledag  
**Gulen kyrkje kl. 12.00.**  
Offer: Kirkens Nødhjelp.

**26.12.,** 2. juledag  
**Byrknes bedehus kl. 11.00.**  
Offer: Stefanusalliansen

**29.12.:** Inga gudsteneste i kommunen

**31.12.,** Nyttårsaftan  
**Brekke kyrkje kl. 23.00:** Midnatts-  
gudsteneste. Offer: Redd Barna.